

Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

3. september 2019

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Skrinlegg Sambandet Vest

Med frist 2. september har Meland kommune lagt ut planprogram for Sambandet Vest til offentleg høyring. Føremålet med kommunedelplanen er å velja trasé for nytt vefsamband frå Askøy, via Meland til Radøy. Prosjektet er eit fylkesvegprosjekt initiert av kommunane som snart slår seg saman til Alver, men er ikkje løyvd midlar til eller gjeve prioritet i gjeldande Regional eller Nasjonal transportplan. Det er det gode grunnar til.

Prosjektet står fram som urealistisk. Det krev tre til fire separate fjordkryssingar og opp til tre lange tunellar; til saman kan hende i femmilliardklassen. Trafikkgrunnlaget er tynt. Det vil føra til ekstra bompengerutgifter for ei allereie belasta befolkning i Nordhordland. Prosjektet vil resultera i uopprettelege naturinngrep over Bognøy og Radfjorden, gjennom den raudlista kystfuruskogen i natureldoradoet rundt Storavatn via brukryssing over kystgarden Ypsøy midt i Herdlefjorden. Rett nok blir hengebru på 1,5 km mellom Hanevik på Askøy og Dalemarka i Meland presentert som eit alternativ til kryssinga over Ypsøy, men skal vi ta det på alvor? Brua blir like lang som Nordhordlandsbrua og vil bli særskilt kostbar.

I lokalavisene har Venstre og MDG prisverdig protestert mot planane. Det har òg idealistane bak kystgarden Ypsøy. Dei meiner livsverket deira blir lagt i grus.

Med bakgrunn i eit samla politiske engasjement mot vindturbinar i fjella våre og protestane mot bompengar framstår mangelen på debatt som uforståeleg. Landskapsinngrepa blir minst like store som i Fjonfjella. Bilbruken vil auka og føra til høgare klimagassutslepp. Pendlarane må betala meir. Og ikkje minst; prosjektet stel frå kommunebudsjettet til Alver og undergrev Nordhordlandspakka. Trafikkmessig, økonomisk og politisk.

Naturvernforbundet Nordhordland bed difor om at planprogrammet og den vidare planlegginga av Sambandet Vest vert stoppa og skrinlagt.

Jan Nordø
leiar
Naturvernforbundet Nordhordland